

440.000 i billettinntekt, underskot for Festidalen

06.08.2007



Festidalen 2007 gjekk med underskot, men Sveiung Mæland Pile veit førebels ikkje kor stort det blir. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leiinga for Festidalen hadde kalkulert med eit visst overskot, men det er på det reine at det i staden blir underskot. Kor stort det blir, kunne ikkje Sveiung Mæland Pile svara på måndag kveld. Det vil nok gå ei stund før rekneskapresultatet er heilt klart.

- Og i fjor bomma eg så stygt på ei pronose eg kom med dagen derpå at eg vil ikkje gjenta det eksperimentet, seier Pile.

Men dei vil veta atskillig meir om resultatet når til dømes "øirekninga" til Hansa føreligg.

Når det gjeld ein så sentral inntektskjelde som billettinntektene, var det i går klart at dei endar på 440.000 kroner. Men kor mange betalande det eigentleg representerer var ikkje klart måndag kveld. Det avheng av fordelinga på dei tre billettkategoriene (fredag/laurdag/dei to dagane tilsaman).

Budsjettet for Festidalen 2007 slutta i underkant av ein million og ein dominerande post her var honoraret til Turboneger, som framleis er hemmeleg.

Det vart i budsjettet rekna med at dei måtte ha 1.400 innafor gjerdet for å gå med balanse i dette året, men sjølvsgat kom etterkvart også andre faktorar inn i biletet. Og dei hadde arrangørane ikkje rådvelde over. På grunn av dei tildels ublide vergudane måtte dei såleis inn med ekstraordinære tiltak i samband med gjennomføringa og dermed vart utgiftene større enn dei rekna med.

Festival-leiinga held fast ved at det var 1.700/1.800 som opplevde Festidalen 2007 tilsaman dei to dagane, men presiserer at dette er det antal besøkjande som var inne på arenaen og det er sjølvsgat ikkje identisk med dei som betalte for seg. Det gjorde til dømes ikkje sponsorane. Når det ikkje kom fleir slik at håpet om 2.000 vart nådd, viser leiinga til det ustadige veret som den mest nærliggjande forklaringa.

Pile hadde også eit håp om meir publikum frå Stord og Odda enn dei som faktisk kom og sleg fast at dei må arbeide intenst for å henta inn fleire til Festidalen 2008 frå desse nærliggjande og folkerike stadene. - Men folk frå heile Kvinnherad kom hit i imponerende stor grad, seier Pile.

Av Ola Matti Mathisen